



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 Påske 2024 | 102. ÅRG.



Vi ønskjer alle  
ei velsigna påskehøgtid!





# KUNSTNEREN

En kunstner er en som meisler og hugger i rå og formløs stein og får det til å ligne levende vesener. En kunstner er en som vever et flerfarget teppe av saueull. En kunstner er en som bygger et storslått palass av vanlig teglstein. Men hvilken kunstner på jorden kan sammenlignes med Kunstneren Jesus Kristus? Han formet alfabeter til Vismenn, fiskere til Apostler, feinger til Helter, og lastefulle, umoralske mennesker gjorde Han til helgener. Alt må gis over i kunstnerens hender for å bli formet til det som kunstneren kan og er i stand til å gjøre. Alle ting må i sannhet gis over til Kunstneren.

Selv mennesker må gi seg selv over til Kristi hender, slik at Han kan meisle og hugge, farge og veve, forme og bygge det som bare Han vet og er i stand til å gjøre. De siste tjue århundrene vitner om alle de som ikke motsatte seg Ham, men gav seg selv over til Kristus Kunstneren. De gikk fra å være ubalanserte og uvitende til å bli englelignende barn av Gud.

**Soknepresten**

## 350-årsjubileum for Vilnes kyrkje 20. mai



Vilnes kyrkje. Foto Steinar Bauge

I år er det 350 år sidan Vilnes kyrkje vart oppført. Med byggjeåret 1674 er ho den eldste trekyrkja i Sunnfjord.

Eit religiøst- og ikkje minst eit kulturhistorisk bygg som er verd ei markering i eit jubileumsår. Vilnes kyrkje med sin alder og si historie har vernestatus automatisk listeført (1650-1850). Av dei 300 kyrkjene som vart oppført dei første 150 åra etter reformasjonen er det berre 64 att i dag. Vilnes kyrkje er ei av desse, ei kyrkje vi er både stolte av og glade i.

Markeringa vil vere todelt med ei jubileums-gudsteneste i kyrkja og påfølgande middag med kulturelle innslag i Atløy kulturhus seinare på dagen.

I tillegg til inviterte gjestar vil begge arrangementa vere opne for alle som ynskjer å delta.

Under gudstenesta kl 12 vil både biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen og prosten i Sunnfjord, Knut Magne Nesse i tillegg til 6 tidlegare, og noverande prestar i Askvoll sokn delta.

I kulturhuset vert det middag frå kl. 14 med ulike kulturinnslag.

### FØREBELS PROGRAM (KAN BLI ENDRINGAR)

- Askvoll kyrkjekor
- Atløykoret
- Solistar
- Song av born
- Fellessong
- Prolog
- Talar

Utstilling av bilete som barnehageborn har teikna av Vilnes kyrkje.

Det er utfordrande med parkeringsplassar ved kyrkja, difor ynskjer vi at desse først og fremst tileignast eldre og rørslehemma. Andre vil kunne parkere bilen ved Atløy kulturhus, og ta buss til og frå kyrkja.

Programmet er ikkje heilt spikra enno, og det kan komme endringar. Følg med på heimeside og facebook då endelig program vil publiseraast der.



Jubileumskomiteen




# Avisutklipp frå Firda 1967

## Noko om Vilnes kyrkje.

Står den gamle altartavla i oldsaksamlinga til Universitetet i Oslo?

Av



lærar og kyrkjesongar h. v.  
Tormod Rogne.



Dette er altartavla som i oldsaksamlinga til Universitetet i Oslo er registrert som »Utskåret antemensale fra kirke på Vestlandet (Vilnes kirke?), fra ca. 1250«. — I midten Kristus i mandoria (ringen rundt), omgjeven av dei fire evangelistsymbola. I dei fire feltet dei tolv apostlane. Til venstre for Kristus i øvste felt Peter, til høgre i øvste felt Paulus. Tavla er skoren i fure og farge-måla. (Foto: Universitetets Oldsaksamling).

Så langt ein no veit, er det ikkje noko å finna om Vilnes kyrkje i gamle dokument før i Bjørgynjar Kalfskinn ca 1320. Der er ei oppgåve over den tiend som då fall på kyrkja. Om den kyrkja som då stod på Vilnes, er den fyrste som har vore bygd der — eller kva tid den fyrste har vore bygd — veit vi ikkje. Men at Vilnes er ein svært gammal kyrkjested, er visst. På Vilnes kyrkjegard finst ein gammal steinkross som liknar på Olavskrossen på Bru. Dette peikar attende til dei fyrste kristne kongane og minner om at Vilnes har vore ein kristen samlingsstad også før det vart bygd kyrkje.

Men det er mykje truleg at Vilnes var ein «heilag» stad også i heidensk tid. På garden Vil-

nnes, ikkje langt frå kyrkja, er eit nes som heiter Lundeneset. Dette meiner dei lærde kan fortelja oss at her må ha vore ein offerlund. Eika var eit heilag tre for germanane, og på Vilnes — og elles på Atløy — finst enno gamle eiketre, og mange gamle eiketre er felte i dei siste 100 år. Til ein gamal offerstad hørde også eit hov, og det kan vera truleg at hovet har stade oppå på haugen der kyrkja står i dag. For i den tid kristenverket gjekk fram i Noreg, var det ein regel at når folket skifte tru og hovet vart nedbrent, så vart kyrkja bygd på same tufta.

Natta til den 2. februar 1673

brann kyrkja ned. Om det er skrive i prostiet sin rekneskap

for Vilneskyrkja som eit tillegg:

«Anno 1673 den 2. Februarij

lærar og kyrkjesongar h. v.  
Tormod Rogne.



Vilneskyrkja med dei tre bautasteinane (den eine skimtast framfor kyrkja, dei andre to til høgre). Dreg ein ei line frå våpenhuset til veststeinen, og så ei line frå sør til nord mellom dei to andre, vert det siegle eit krossmerke framfor inngangsdøra. Det er ikkje ukjent med slik steinpllassering ved andre kyrkjer, og dei meiner det har samanheng med gammal ovtru at krossmuret skulle verne gudshuset mot åtak frå dei vonde heidenske makter.

## Noko om Vilnes kyrkje.

Framh. frå side 1. ta også kyrkjeverje i Vilnes i denne tida heilt fram til 1688, og tilstanden var slik at alt i 1686 var den nye kyrkja i slik stand at det trøngst ein grundig reparasjon.

Kyrkja har alt frå det fyrste vore innsett med tjøre, og på noko så nær anna kvart rekneskap (for 2 år) er det ført 2 eller 3 tyner tjøre. Taket var tretekt, med bord eller spon, og i det stride hardveret på haugen på Vilnes var ikkje væta god å halda ute. Vedlikehaldet av Vilnes kyrkje har difor alltid vore kostesamt.

### Eigedomstilhøvet.

1. Dei fyrste kyrkjene i Noreg var reiste av folket i bygdene under leiing av bondehovdin-

4. Då den store nordiske krig var

Arbeidet var stort og vanskelig. A reparera 300 år gammal hus krev stor varsemd og stort tolmod. Taket vart fornya på kor, skip, tårn og våpenhus. Veggene vart godt isolerte, nye dobbelvindauge og mesteparten ny kleddning, isolasjon over kvelving i skip og kor, nyt golv i kor og i stolradene. Kyrkja fekk nytta alter og altar-ring, og nye stolar. Korstund-stolen og Vilnes-stolen mest mogeleg ubrigd. Det nye inventaret er mala, så kyrkja er ikkje fullt så fargelaus som før. Prekestolen vart fargerestaurert (sers vellukka). Han ber denne innskrift: «Til Guds ere är denne Predikstol fört af Hindrich von Wolsth Hindoen och Anne Sofrensdtr. anno 1675.» El salmetavle som og vart farge-restaurert, er gammal.



Altaret i Vilneskyrkja, slik det er i dag. Tavla er eit arbeid av kunstmålar Kåre Martinsen.

## Noko om Vilnes

Framh. frå side 3. vi namn som Martin Görbitz, Ingeborg von Erpecum, J. Blyda, P. Rosendal, slekta von Tangen, L. F. Amelin og Fredrik Amelin.

### I kommunen si eige.

Sa har då kyrkja etter vore i bygd si eige sidan 1903. Ho var grå og fargelaus og så utett at det på stride. Kalde vinterdagar var mest rådlaust & komma opp i ein rimelig temperatur. I mellomkrigstida laut soknepresten ofte ha ein ekstra skinvest under samarien. Folk meinte at det laut nok ny kyrkje til. Desse tankane mognast meir og meir etter at ordninga med soknerad kom.

Då Rasmus Håskoll kom til Askvoll som sokneprest i 1939, fekk den gamle Vilneskyrkja ein trufast ven. Han ville ikkje høra tale om ny kyrkje, men var levande interessert i å bevare det gamle og tradisjonsrike. Men krigstida kom og stengde for alt slike arbeid i ca 10 år.

Innkommene som kyrkja hadde arlegrar frå Fondet for Fisketienderstatning, hadde etter kvart med renter vorte til eit lite kyrkje-fond på 45.000 kroner. Heile restaureringsarbeidet kom til å koste ca 120.000,—, så det vart fleire innhøg i kommunebudsjettet ut gjennom 1950-åra. Det var arkitekt Johan Lindstrom som arbeidde ut alle planar for restaureringa, og ho vart fullførd av sonen Claus Lindstrom.

Arbeidet var stort og vanskelig. A reparera 300 år gammal hus krev stor varsemd og stort tolmod. Taket vart fornya på kor, skip, tårn og våpenhus. Veggene vart godt isolerte, nye dobbelvindauge og mesteparten ny kleddning, isolasjon over kvelving i skip og kor, nyt golv i kor og i stolradene. Kyrkja fekk nytta alter og altar-ring, og nye stolar. Korstund-stolen og Vilnes-stolen mest mogeleg ubrigd. Det nye inventaret er mala, så kyrkja er ikkje fullt så fargelaus som før. Prekestolen vart fargerestaurert (sers vellukka). Han ber denne innskrift: «Til Guds ere är denne Predikstol fört af Hindrich von Wolsth Hindoen och Anne Sofrensdtr. anno 1675.» El salmetavle som og vart farge-restaurert, er gammal.

Nokre år seinare syntte det seg at det måtte gjerast noko for å dreppe motten som alt var komen i det gamle treverket. Etter at det arbeidet var fullført av eit Bergens-firma, er Vilnes gamle kyrkje i så god stand som ho aldri tidlegare har vore, og folket kan med hugnad samlast der til gudstenest og til oppbygging av si gudstru. Tårnet peikar mot Himmelens, og klokkena kallar.

Så minnest vi diktaren Johan Falkberget sine desemberord frå eit av dei siste år han levde: «Skulle den julekvelden komme, da ingen klokke mer ringer, og juleevangeliet ikke mer blir lest, da vil det store mørke senke seg over vårt kjære fedreland.»

Det må ikkje henda!

Tormod Rogne.

ling i kyrkja, for dei same folkia hugste at kyrkja hadde ope sperretak med alle konstruksjonar synlege. Ein av kyrkjeeigarane tok denne tavla ut og sette inn att ei onnor med innskrifta: «Kommer hid til mig alle I som strævd og ere besværede, og jeg skal give Eder hvile!» Denne tavla var så i bruk fram til sist restaureringa og er på bakveggen i kyrkja.

Lenge var det uvisst kvar det hadde vorte av den eldste tavla. Det gjekk fråsøgner om at ho hadde vorte tynnt i ein brann i Bergen. Eit anna rykte sa at båten som skulle føra henne frå Bergen til musé i Oslo, hadde gått under. I 1948 fekk sokneprest Håskoll gjennom dr. Robert Kloster, Bergen, opplyst at i oldsaksamlinga til Universitetet i Oslo er eit antemensale (framvisa) av altarskål (kor) der det er skriva på kartotek-kortet: «Fra en vestlandsk kirke (Vilnes?)» Dette skulle seia oss at her har vi truleg det altarbilete som var utteke or Vilnes-kyrkja for ca 100 år sidan, men sporjeteknet varslar oss om at det er ikkje 100 prosent visst. Dette antemensale skal vera frå ca 1250 og er svært godt bevare. Oldsaksamlinga gjev ikkje slepp att på gamle, verdifulle ting del har fått inn.

Arkitekt J. Lindstrom ville ikkje at tavla som no er sett på bakveggen skulle brukast som altarbilete etter restaureringa. Han ville ha ei mindre tavle som svara meir til koropninga, og han tinga ei ny frå Oslo, frå kunstmålar Kåre Martinsen, og denne er no oppsett i kyrkja.

Tilbygg.

Kyrkja fekk no eit tilbygg, der det vart plass til harmonium, presteskripti og dåpseskripti. Samstundes fekk kyrkja elektrisk lys og oppvarming og tunet kring kyrkja vart rydda og gjort romsligare.

Nokre år seinare syntte det seg at det måtte gjerast noko for å dreppe motten som alt var komen i det gamle treverket. Etter at det arbeidet var fullført av eit Bergens-firma, er Vilnes gamle kyrkje i så god stand som ho aldri tidlegare har vore, og folket kan med hugnad samlast der til gudstenest og til oppbygging av si gudstru. Tårnet peikar mot Himmelens, og klokkena kallar.

Så minnest vi diktaren Johan Falkberget sine desemberord frå eit av dei siste år han levde: «Skulle den julekvelden komme, da ingen klokke mer ringer, og juleevangeliet ikke mer blir lest, da vil det store mørke senke seg over vårt kjære fedreland.»

Det må ikkje henda!

Tormod Rogne.



# Sagnet om Vilnes kirke

Dikt av Jensine Askevold, kyrkjeheftet 1974

På Vilnes, langt ute hvor havet går  
i dønn mot en naken strand,  
den gamle, ærverdige kirke står  
i skjæret av solfallsbrand.  
Den står som den stod der i hundrer av år,  
er værbitt og uskjønn som før.  
Den står der, mens tider kommer og går,  
og slekter fødes og dør.

Men kommer du innenfor kirkens dør,  
du føler i samme stund  
en fred, som du aldri følte den før,  
her står du på hellig grunn.  
For slekt etter slekt fant her et sted  
i gleder, i sorg og savn.  
Her bad de seg fram til trygghet og fred  
i Jesu velsignede navn.

Mens stormene brølte og havet sang,  
kom barnet med far og mor.  
En dag gikk de inn til hvilen lang  
og sover i hellig gjord.  
Men så sier sagnet: Hvor kirken ble reist  
lå et tempel for guden Tor,  
det lå der før Kvite-Krist fanen ble heist  
her oppe i høye nord.



Og så sier sagnet: Da klokkene mildt  
kalte folket til bønn i Guds hus,  
da våknet de vetter i fjellene vilt  
med torden og uværsbrus.  
Så ruster de seg, de troll i fjell  
til kamp mot den nye tid.  
Det bæres et bud med tonenes veld  
at Asers makt er forbi.

Nå vil de slå et siste slag  
for gammelt og Asa Tor.  
Hans tempel skal atter bli reist en dag,  
når kirken er jevnet med jord.  
Fra fjellene høres et veldig brus,  
tre steinblokker kastes med makt.  
De når ikke fram, rundt det hellige hus  
er satt en usynlig vakt.

Så dør da bruset fra fjellene bort  
og svinner i sakte ve.  
Men innenfor kirkegårdsmur og port  
står høyreiste bautaer tre.  
Tross herjende uvær, de står der dog,  
jeg ser dem engang i blant.  
De står der og taler sitt tause språk  
om sælsomme tider som svant.

# Kirkjerottene i Askvoll kyrkje



Vesle og Fredo byrjar å bli godt kjende i Askvoll kyrkje, etter fem besök.

Ein måndagskveld i februar var det tid for Kirkjerottene igjen, i kyrkja i Askvoll. For femte året på rad kom Fredo, Vesle og Kari prest på besök, og denne gongen hadde dei med seg vesle Kattunge.

Kirkjerottene Vesle og Fredo er veldig redde for kattar og dei passar alltid på å halde seg langt unna dei. Men så oppdagar dei at Kattunge har gøynt seg i ein søppelkasse. Tør dei hjelpe Kattunge før søpla blir kasta?

Forestillinga innehold lite direkte forkynning, men åpnar opp for mange spørsmål om kyrkja, Jesus og mellommenneskelige utfordringar. Temaet for årets stykke var «Den barmhjertige samaritan», om det å ha omsorg for dei vi møter og å hjelpe dei som treng det. Borna var engasjerte og let seg rive med. Latteren

sat laust når Kari prest fann rottebæsj i kyrkja, og dei var nesten litt oppgjedd når ikkje kattemamma høyrdé dei rope at Kattunge var i søppelkassa.

Nokre som var på teater denne kvelden var Johannes (5, snart 6) og Viktor (snart 5)

Johannes hadde invitert med pappa Frode, og glede seg i lang tid til å sjå Kirkjerottene. Han hadde sett dei i alle fall ein gong før. Det samme med Viktor, han var der også for andre gong, og hadde tatt med mamma Jeanett.

Det var veldig kjekt å vere på teater, og ikkje noko skummelt i det heile, ifølgje Johannes. Men eg kvapp litt, når kattemamma kom på scena, og fresa høgt, seier han. «Ja det gjorde jammen eg også» seier pappa Frode.



Det var også spennande å høre historia som Kari prest fortalte om turgåaren, og røvarbanden som stjal alt han eigde. Der det til slutt kom ein samaritan som ville hjelpe han.

«Vi hjelper kvarandre i barnehagen også, men når eg er høgt opp i eit tre, hoppar eg berre ned! Då treng eg ikkje hjelp!», seier Johannes.

Johannes og Viktor er einige i at det var veldig fint av rottene å hjelpe Kattunge ut av søppelkassa. «Rottene hjalp Kattunge sjølv om dei var kjemperedde for kattar, og då hjalp Kari prest rottene, sjølv om ho var kjemperedd rotter», seier Viktor. «Og viss det er nokon som treng hjelp, men så klarer du det ikkje, då må du rope på ein voksen».

Frode fortel at Johannes har glede seg lenge til forestillinga, og at det er tydeleg at det fenger borna. Det verkar ikkje som dei blir redde, sjølv om det kan vere litt skummelt innimellom. Dei er heilt med og veldig engasjerte.

Viktor synest det var veldig stas å få brev med invitasjon i posten. Han gleda seg også lenge, og så var det ekstra kjekt å få ei lita helsing frå Kirkerottene når det var ferdig, seier mamma Jeanett.

Der var det ei vanskeleg oppgåve der du skulle sjå på eit bilet om du kunne finne kor Kattunge hadde gøymt seg. Du kunne også scanne ein qr-kode med mobilen for å høre sangen som Fredo og Vesle sang.



Stor stas på Kirkerotteteater. Viktor og Johannes gleda seg til å løyse oppgåva dei fekk med seg heim.



# Barnas




## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to biletta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?

## Kryssord





Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00

## Finn fem feil



Tekning: Faye Simms



# Speidarstraff og påske.

Hugsar far brukte denne illustrasjonen i ei preike. Det var ikkje så mykje eg , som liten gut, fekk med meg av teologien den sundagen, men illustrasjonen hugsar eg. Det hende på ein større speidarleir for gutter. Telt etter telt står på rekk og rad, og ulike trekonstruksjonar reiser seg rundt om i leiren slik det pla vere på speidarleirar. På oppstillingsplassen er også to skrå, store stokkar drivne ned i jorda med toppane bundne saman. Ivrige og forventningsfulle gutter spring på kryss og tvers til ulike gjeremål.

Det var eit «aber» med denne speidarleiren: Rett ved rann ei stor og farleg elv. Ned til elva hadde ingen lov å gå. Absolutt ingen! Det var leirens viktigaste regel. På første oppstilling vart dette opplyst. Til skrek og åtvaring vart det peikt på dei to trestokkane: den som vart gripen i å gå til elva, ville vert hengt opp etter føtene på desse to stokkane, og få «buksevatn», ei gamal speidarstraff: kaldt vatn tömt ned i låra på speidarshortsen medan alle dei andre speidaranane stod og såg på.

Ein dag vart likevel ein av dei minste speidargutane knipen nede ved elvebredda. Leiarane hadde i grunnen ikkje rekna med at den omtala straffa laut setjast ut i praksis, dei tenkte at åtvaringa var avskrekking nok. No stod dei der med ein liten, ulukkeleg og forvirra gut.



Teikninga er laga av Lyder Solheim Kongshaug, 4. klasse, Askvoll skule.

Men straffa måtte verte sona. Gutane vart stilte opp, tropp for tropp, og småkaren vart av leiarane henta fram til stokkane. Ei stor mugge med kaldvatn stod klar.

Med eitt går ein av dei større gutane fram: «Heng opp meg i staden!» Og så vart gjort. Den vesle står med takksame auge og ser på korleis den store får rikeleg med kaldvatn inn i bukselåra.

Og etter at straffa var fullbyrda, «synda sona», og den store, sokkblaute guten løyst frå stativet, stod dei to gutane ilag der ved stolpane. Den vesle «lovbrytaren» hadde gått fri. Og truleg song dei speidarsongen slik dei pla til avslutning på samlingar: «Kjære Far i høge himmel, hør mi stille hjartebøn: .....andre folk til hjelp får vera, og så lyda lova vår».

-----


Vi hever blikket. Ein annan trekonstruksjon viser seg. Også to stokkar. Ein annan person i vår stad. «Men han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom.»

Desse orda skrev profeten rundt 700 år før Jesu krossfestning, -Jesaja 53.5. **God påske!**

**RB**

## Velkommen til Askvoll/Holmedal lørdagsklubb!

Lørdagsklubben er for deg som er 4 år eller meir. Vi synger og ber, tener lys og opnar «skattekista». Veit du at i Bibelen finnast mange skjulte skattar? Dei fortel vi om på laurdagsklubben. Vi får høre fortellingar om Jesus og andre det står skrive om i Bibelen. Vi brukar og å ha eit oppdrag; vi skal enten gjere noko eller lage noko som er med i fortellinga.



Vi held til i Askvoll kyrkje og samlast lørdagar i oddetalsveker klokka 11 frå september til mai. Vi held på ein god time. Dei lørdagane kyrkja er opptatt (det kan hende noken giftar seg eller skal ha ein konsert) må vi flytte, enten tid eller stad, men då får de beskjed. Vi brukar sideinngangen til venstre for kyrkja (ikkje hovudinngangen). Lørdagsklubben er tilslutta «Norsk søndagsskoleforbund» og foreldra må sjølv må gå inn og registrere barna sine.

No i vår skal vi få høre om Josef som kunne fortelje kva draumar betydde, om Jesus som gjorde folk friske og om Peter, han som nekta for at han kjende Jesus, men som fekk ei kjempeviktig oppgåve av Jesus likevel.



Lørdag 25. mai har vi semesteravslutning – då går vi «pinsevandring» til gapahuken i Askvoll. Der grillar vi pølser, drikker juice og spiser kjeks og frukt (om du melder ifrå om at du kjem før kl 9.30, veit vi kor mykje vi skal ta med). Vi møtast på parkeringsplassen ved inngangen til Askdalen kl 11 og går rebusløp på vegen inn.

Kom og ver med oss – og ta gjerne med deg ein naboa, ein ven eller besteforeldre. Hos er det plass til alle!

**Sidsel Anita Ekblad Itland**





**Salg, montering og service av varmepumper**

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life

NOVAPGODKJENT  
FORHANDLER



**MITSUBISHI**  
**ELECTRIC**

Isovator  
F-gass  
Sertifisering

TRENGER DU NOEN Å  
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget  
liv, andre er usikre, ensomme eller redd.  
Noen trenger bare å slå av en prat.


Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

KIRKENES  
**SOS**



**Orgel- og pianokurs**  
Sabina Baylarbayova har orgel- og pianokurs til alle som kan tenke seg å stille opp etter behov som frivillige organister til gudstenester.

Påmelding på E-post [kantor@askvoll.kyrkja.no](mailto:kantor@askvoll.kyrkja.no) og telefon 930 81 399.  
Alle er hjarteleg velkomne.

Fjordane  
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ | Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36  
Markegata 42, 6905 Florø  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

FØRDE | Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30  
Lindbøen 2, 6809 Førde  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

## Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte  
hjelpe dykk som pårørande,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Skjærtorsdag, 28. mars kl. 18.00**  
Gudsteneste  
Offer til Olset bedehus

**Påskedag, 31. mars kl. 17.00**  
Høgtidsgudsteneste.  
Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt

**Søndag 7. april kl. 11.00**  
Påskegudsteneste  
Offer til Institutt for sjølesorg  
Modum bad

**Søndag 28. april kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen

**Lørdag 11.mai kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til kyrkjeblad for Askvoll

**Fredag 17. mai kl. 10.00**  
Gudsteneste  
Offer til Leger Uten Grenser

**Søndag 23. juni kl. 17.00**  
Friluftsgudsteneste jonsok.  
Offer til Laurdagsklubben i Askvoll  
kyrkje

## HOLMEDAL KYRKJE

**Påskeaftan, lørdag 30. mars kl. 22.00**  
Kveldsgudsteneste

**Søndag 7. april kl. 15.00**  
Påskegudsteneste.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**Søndag 9. mai kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til Holmedal bedehus.

**Fredag 17. mai kl. 11.15**  
Gudsteneste  
Offer til Holmedal kyrkje.



## BULANDET KAPELL

**Påskedag, søndag 31. mars kl. 10.15**  
Gudsteneste med minnemarkering  
Offer til Fiskarheimen i Bulandet

**Søndag 21. april kl. 10.15**  
Gudsteneste  
Offer til Kyrkjeblad for Askvoll

**Lørdag 4. mai kl. 12.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til Bulandet kapell

**Søndag 2. juni kl. 10.15**  
Gudsteneste. (mulig i friluft)  
Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.



## VÆRLANDET

**Lørdag 4. mai kl. 14.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til Værlandet bedehuskapell



# Kyrkjelege handlingar



## GRAVLAGDE

### VILNES

03.01.2024	Alma Joveig Strømmen	f. 1933
29.02.2024	Tore Sund	f. 1950

### ASKVOLL

06.01.2024	Einar Johannes Nordeide	f. 1943
------------	-------------------------	---------

### GJELSVIK

16.01.2024	Magnhild Maria Hegrenes	f. 1931
23.01.2024	Ingvar Leiv Leknes	f. 1949

### STONGFJORDEN

24.01.2024	Jorunn Gjerde	f. 1931
------------	---------------	---------

### HOLMEDAL

01.02.2024	Svein Agnar Haugland	f. 1937
08.02.2024	Solveig Aase	f. 1921



## DØYPTE

### FØRDE

21.01.2024	Alfred Nygård Gjelsvik
------------	------------------------



## VIGDE

### ASKVOLL

17.02.2024	Frida Strømmen og Chris André Valdersnes Odland
------------	--



## KONFIRMANTAR

### BULANDET KAPELL LØRDAG 4. MAI KL. 12.00

Emilia Rán Fedøy

### VÆRLANDET KAPELL LØRDAG 4. MAI KL. 14.00

Luna Aida Landøy-Midtbøen  
Tonje Etterlid Landøy  
Lilja Marie Hamlot Karlsen

### HOLMEDAL KYRKJE TORSDAG 9. MAI KL. 11.00

Stian Sandnes Helle  
Theo Skarstein Bauge  
Talina Holen  
Markus Vårdal Nesberg  
Noah Bråten  
June Mari Selvik

### ASKVOLL KYRKJE LØRDAG 11. MAI KL. 11.00

Lucas Nikøy Follevåg  
Noah Gjervik Undertun  
Mats Ryland  
Synne Storøy Ask  
Marcus Loftheim Vetti  
Lars Frøholm Klausen  
Lisa Gjervik Bruland  
Julian Gjervik Madsen  
Tøger Solheim  
Eran Solheim-Frøholm  
Sofie Gjervik  
Sondre Herland Johannessen

### VILNES KYRKJE SØNDAG 12. MAI KL. 11.00

Sigurd Herland  
Nikolai Heggøy Rydningen  
Selma Sophie Svelingen Mjåseth  
Linnea Høyvik Steinsund  
Sonja Margrethe Hagen Waagene  
Olga Sofie Vigdal Magnussen  
Kasper Vårdal  
Ingeborg Høyvik Bontveit  
Anna Saltskår Gjervik  
Sverre Herland

### KVAMMEN KAPELL SØNDAG 19. MAI KL. 11.00

Gabriel Hawkes  
Sigrid Haug  
Johannes Aalen  
Arthur Normann Berg Rørvik  
Victoria Kvammen



Returadresse: Askvoll kyrkjecontor, Boks 14, 6988 Askvoll

Foto: Bo Mathisen

## Dåp – ein god start på livet

Vi får ikke lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikke sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til [sekretær@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretær@askvoll.kyrkja.no), eller ring mobilnr. 918 74 724

DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll sokn

# DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



### KYRKJEVERJE

Rune Ziener

[kyrkjeeverje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeeverje@askvoll.kyrkja.no)  
 479 63 319



### KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset

[sekretær@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretær@askvoll.kyrkja.no)  
 918 74 724



### SOKNEPREST

Tommy Erdal

[soknepresten@askvoll.kyrkja.no](mailto:soknepresten@askvoll.kyrkja.no)  
 971 10 124



### KANTOR

Sabina Baylarbayova

[kantor@askvoll.kyrkja.no](mailto:kantor@askvoll.kyrkja.no)  
 930 81 399

## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I PÅSKA

**SKJÆRTORSDAG**  
Askvoll kyrkje kl. 18.00

**PÅSKEAFTAN**  
Holmedal kyrkje kl. 22.00

**1. PÅSKEDAG**  
Bulandet kapell kl. 10.15

Vilnes kyrkje kl. 15.00

Askvoll kyrkje kl. 17.00

# vipps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til  
**692979**  
Rettliggende kr 200,-

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll  
Askvollvegen 398, 6980 Askvoll  
Telefon: 918 74 724 · E-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)  
Heimeside:  
Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll).

### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

**Leiar Askvoll sokneråd:** Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

